

Årsmelding 2023 frå skriftstyret

Ved årsmøtet i 2023 valde alle medlemmane i skriftstyret å tre av etter lang og tru teneste. Dei hadde då gjennom mange år lagt ned eit stort arbeid i å ta vare på lokalhistoria i Vestnes kommune. Vi er takknemlege for arbeidet dei har gjort, og særleg overfor Per Bjørn Ellingseter som har sete i redaksjonen i til saman 23 år, og vore leiar i 22 av dei. Vi tok over dette viktige ansvaret med stor spenning, mange spørsmål og ein god porsjon ærefrykt.

Skriftstyret for 2023 har bestått av Tordis Sivertsen (leiar), Jørn Inge Frostad og Åse Gjelstenli Vollan. I tillegg har Tove Eikrem gjort eit framifrå arbeid for oss. Det har vore godt å ha erfaringa hennar å støtte oss på.

Vi fann raskt ein god måte å jobbe saman på, og har nytta Dropbox som eit viktig arbeidsverktøy. Her har alle tilgang til ei kvar tid, og vi kan kommunisere på ein god måte også utan å treffast fysisk. Vi har også nytta Dropbox i samarbeidet med trykkeriet.

Heldigvis for oss hadde det gamle skriftstyret ein del artiklar liggjande som vi kunne starte arbeidet vårt med då vi tok over ansvaret. Dette var av avgjerande betydning for at vi fekk ferdigstilt boka, som kom i november 2023. Nye artiklar kom også til undervegs, og vi synest til slutt at vi fekk eit variert og godt innhald i boka. Vi freistar å ha stoff frå alle delar av kommunen vår, frå varierende tidsepokar. Vågstranda vart ikkje representert i år, men vi satsar på å få med stoff derifrå i 2024.

Medlemmane i skriftstyret utfyller kvarandre godt, og har hatt ei fin arbeidsfordeling. Vi har frå april til oktober hatt seks fysiske møte. I tillegg hadde vi eit møte for å ta boka i augesyn då den kom frå trykkeriet. Tidleg i prosessen vedtok vi å gjere ein del endringar i omslaget og layouten til årsskriftet, og vi var spente på resultatet. I tillegg har vi bytta trykkeri til Interface Media AS. Boka vi fekk i handa svarte absolutt til forventningane. I tillegg var den vesentleg billegare å trykke enn i tidlegare år, noko som har løyvt meir pengar til gjennomføring av andre viktige oppgåver i sogelaget.

Etter oppmoding frå det gamle styret justerte vi opplaget ned, frå 700 til 600 eksemplar. Boka blei godt teke imot av publikum, og salet har gått veldig bra.

Vi vil takke alle bidragsytarar for godt og konstruktivt samarbeid. Vi er svært takksame for at så mange vil bidra med stoff til årsskriftet. Samtidig tek vi også gjerne imot nye forfattarar. Om nokon har gode idéar utan å ville skrive sjølv, kan dei kome med idéen til oss, så ser vi om vi finn nokon som kan ta på seg oppgåva.

Sist, men ikkje minst, vil vi takke Vestnes kommune og alle dei næringsdrivande i kommunen vår som har støtta utgjevinga av Vestnes Sogelag sitt årsskrift. Utan dykk hadde dette ikkje vore mogleg.

Vestnes 25.02.24

Tordis Sivertsen

Jørn Inge Frostad

Åse Gjelstenli Vollan